



## MØTEREFERAT

<b>Prosjekt:</b>	Kommuneplanen sin arealdel – dialogmøte om motsegn
<b>Stad:</b>	Teams
<b>Dato:</b>	16.02.2024

**Desse møtte:**

Statsforvaltaren i Agder: Gunhild Austjord, Tore Haugum, Janne Thygesen  
Bygland kommune: Aslak J. Brekke, John Sigríðnes, Kjell Øyvind Berg, Sonja Lien Skjevrak

**Forfall:**

Sak	Tekst	Ansv
1	<b>Dialogmøte mellom Bygland kommune og Statsforvaltaren i Agder</b> <b>Innleiing v. Kommunen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Presentasjonsrunde</li></ul>	
2	<b>Kort orientering om motsegnene v. Statsforvaltaren</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Motsegn til fire område med grunnlag i vern av dyrka mark.</li><li>Jordvernet er skjerpa over tid og har nå ein 0-visjon ref. nye nasjonale føringar frå kommunal- og distriktsdepartementet og landbruksdepartementet datert 29.01.2024.</li><li>Endring av arealformål frå dyrka mark må dreie seg om viktige samfunnsinteresser.</li><li>Planvask er også ei viktig sak. Statsforvaltaren gav honnør til Bygland kommune som har tilbakeført 19 000 daa frå byggjeområde til LNF.</li><li>Jordflytting rettferdiggjer ikkje endring av arealformål på dyrka mark frå LNF til utbyggingsformål.</li><li>Med omsyn til jordvern hjelper det ikkje med utvida konsekvensutgreiing (som for eksempel jordprøver).</li></ul>	
3	<b>Dialog om KBA01 Austadneset</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Bygland kommune<ul style="list-style-type: none"><li>Ønskjer å gi grunneigarane rom til å finne gode løysingar for utvikling av området der dyrka mark blir utnytta i for eksempel økolandsby eller kolonihage.</li><li>Oppretthalde dyrka mark gjennom ny og meir aktiv bruk.</li><li>Ønskjer å gi rom for bustadar mellom dyrka mark og Byglandsfjorden som gir attraktiv plassering.</li><li>Gjennom gode føresegner kan ein stille krav om at eksempelvis 15 mål skal bli oppretthalde, men at området kan bli arrondert for å utnytte arealet godt.</li><li>Det er ei utfordring å få økonomi i prosjektet som gjer til at området er så stort som det er.</li><li>Utbygging av området gir fleire bustadar på Ose og aukar aktiviteten og grunnlaget for drift for næringsverksemndene.</li><li>Mogleg å stille krav i prosjektet som for eksempel skånsam utbygging.</li></ul></li><li>Statsforvaltaren i Agder<ul style="list-style-type: none"><li>Innskjering av jordvernet krev at all dyrka mark skal tas vare på.</li></ul></li></ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dei lett dyrkbare areala kring den fulldyrka jorda, har också stor verdi i høve til jordvernomsyn.</li> <li>○ Andelslandbruk kan vere aktuelt, men kan likevel vere ein vanskeleg måte å drifta jorda på.</li> <li>○ Saknar ei konkretisering av tenkt utbygging for å få eit betre bilet av korleis det vil sjå ut.</li> </ul>	
4	<b>Dialog om B03 Sandnes</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bygland kommune <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Motsega blir tatt til følgje.</li> </ul> </li> </ul>	
5	<b>Dialog om B04 Vassend</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bygland kommune <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Området består av to tomter som er frådelt i jordlovsak og dispensasjonssak. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Bygland kommune sender saksdokument til statsforvaltaren.</b></li> </ul> </li> <li>○ Området er skilt frå ein eigedom på opprinneleg ca. 18 mål.</li> <li>○ Det blir vurdert å tilbakeføre område i nordenden av Vassend frå bustad til LNF. Området rører ved eigedomane 69/7 og 69/118.</li> </ul> </li> <li>• Statsforvaltaren i Agder <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Uheldig med fortetting på landbruksarealet.</li> <li>○ Mogleg det stiller seg annleis når arealet allereie er omdisponert. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Sjekke med jurist hos statsforvaltaren.</b></li> </ul> </li> <li>○ Har dispensasjonen ei tidsavgrensing?</li> </ul> </li> </ul>	
6	<b>Dialog om B05 Frøysnes</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bygland kommune <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ein del av prosessen med utbetring av rv9.</li> <li>○ Kompensasjon for innløyste bygningar på eigedomane.</li> <li>○ Mogleg området ikkje blir drivverdig etter utbetringa av rv9.</li> </ul> </li> <li>• Statsforvaltaren i Agder <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Viktig samferdselsutbygging.</li> <li>○ Avvente ferdig vegplan for rv9 i området før det blir tatt stilling til endra arealformål i randområda.</li> <li>○ Gjere ei ny vurdering ved neste revisjon av arealdelen.</li> </ul> </li> </ul>	
7	<b>Dialog om vidare planprosess</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fordel å avklare motsegnene før 2. gongs høyring.</li> <li>• Bygland kommune sender saksdokument gjeldande frådeling av tomter i området B04 Vassend.</li> <li>• Statsforvaltaren sjekkar følgjande <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Avklare omdisponert areal i området B04 Vassend juridisk.</li> <li>○ Krev fjerning av arealformål 2. gongs høyring (jf. pbl §11-15).</li> <li>○ Kan 2. gongs høyring vere avgrensa til endra arealformål.</li> <li>○ Prosess for mekling og kontaktperson hos statsforvaltaren.</li> </ul> </li> <li>• Mekling krev at kommunen kjem med forslag til løysingar som er konstruktive og godt argumenterte, der ein har forsøkt å bringe planforslaget innanfor nasjonale rammer.</li> </ul>	

**Stad:** Bygland

**Dato:** 17.02.2024

**Referent:** Sonja Lien Skjevrak

